



Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 Austrheim

Saknr.: 21-005 **Kommune:** Austrheim **gbnr.:** **Gardsnamn:** **Dykkar ref.:** 21/60-3/ANT

Planoppstart til Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim VGS -Planid. 202100, Austrheim kommune

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2021/	Inn	11.02..2021	Austrheim kommune v/ Asbjørn Nagell Toft	Planoppstart av Detaljregulering	SMV

NGIR har mottatt varsel om planoppstart av detaljregulering, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Austrheim kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og sнопlassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 16. mars 2021

Siv-Merete Vedå

 Siv-Merete Vedå
 -Kunderådgjevar-